NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44. Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr. 8. Berekning ved Veving. Herad: Hornindal.

Emne: Veving. Bygdelag: Nordstrande.

Oppskr. av: Rasmus Naevelsaker. Gard: Naevelsaker.

(adresse): Hornindal G.nr. 9. Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både og.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Fru Brite E. Naevelsaker f. 1871/2-83 g. Kurkone.

SVAR

Eg må nemne, at eg gjette sauer 1889 til 1895. Det var gjardbru. Karar som åtte sauene, eit år var det 40 sauer, eit år var det 60 og eit år 75 sauer, eg gjette annankvar dag, og granneguten gjette annankvar dag. Når haustane kom, var sauene med godt hold, og dei hadde ein fjukk og tett ullpels. Det var svarte sauer og kvite, sauer, mest kvite.

Ved Mekeli 28/9 slutta vi å gjete sauene oppi marka. Sauene slapp då ned på heimebøen, og gjekk der ei tid.

So tok klippinga til. Karar og kvinnfolk hjelpte med det arbeidet.

Det vart store kingar med ull i kvar heim. Vi hadde eit par store karder. Kuderkarda vart sett fast på ein stubbe eller ein benk. So var det å ta overkarda og til å karde ulla i store rullar. Det var arbeid for ein av karane. Dei kvite rullane vart lagde i eit lad for seg, dei svarte i eit lad.

Ved Mekeli 29/9 var mor og gjentene inn spinnerokkane. Dei sette seg 3, av dei, på langbenken ved austre langveggen i stova. Ei sette rokken sin ved langbenken framanfor langebordet. Dei skulle spinne. So fann dei innkvar sin kvit sauullrull, og hadde i kvar si ullkorg. I kvar korg stod eit par små ullkarder. Kvar av dei tokk til å karde ullrullar og la ned i ullkorga.

So var det foten på rokkekroda, og hjulet svinga rundt. Dei feste so ein tråd på kvar si snelde. Mor gjekk om og lærde gjentene. So ein spinne opp til Kyndelsmess 2/2, veve ned til Marimess 25/3.

ull i handa bort til sneldepipa. Rokkehjulet svinga bakover eller til høgre, og ullen tiø å tvinne seg til tråd, han skulle helst vere hardt tvinna. Den tråden vart varp eller renning - den tråden som går langs etter veven. So spann dei sneldene fulle, vandt so tråden av dei opp på nøstenebben. So gjekk det dag etter dag. Dei var oppe i 5-6 tida om morgoen, spann morgoen, spann dagane, spann kveldane til kl. 9-10 då vardet ligg etid. Gjekk frå rokken berre når dei skulle i fjøsen og stelle krøtura, eller når dei skulle til bords og få mat. Mor laga maten og sette på bordet.

So rekna dei over, at dei skulle ha ein einskjeftover på 30 alner, for at Mor og gjentene skulle få eit klæplagg kvar. Til 2 alner vev gjekk 1 mork - 2,5 kg ullgarn til varp, til 30 alner gjekk då 2,5 kg x 15 = 37,5 kg. Då dei hadde spunne so mykje, tok dei til med veften eller isletlet - tråden som går tvers i veven. Foten på rokkefrøta, ein pull ull til rokkepipa. Hjulet gjekk framover eller til vinstre, og tråden tvinna seg. Det vart veft, han skulle vere litt lausare enn varpet. Men av veft skulle til like mykje som varp. Soleis til 30 alner vev 37,5 kg. Med trotting arbeid vart dei ferdige med den, og vandt han i nøster etter kvart. Med Kyndelsmess $\frac{2}{2}$ måtte spinninga vere frå seg gjort.

Mor sette då ei gryte eller ein kjel på omnen, hadde litt vatn på botnen, la so 2-3 kjeppar over grytebotnen

~~på botnen, la so 2-3 kjeppar over grytebotnen~~

varp og veft, og dytta klede over til jamt med grytekanten, gjorde so eld under gryta. Der kom ein opp om og gjenom nyøsta. Ein seier at dei vart døyvde.



å døyve ullgarnet.

Beten.



Rennebommen.

So sette ein rennebommen inn i stova under beten. Akslingen stod i ein kloss på golvet, og oppe i eit hol festa til beten. Bommen g. ekk rundt. So feste Mor ein renningstråd i ein nabb nedst på bommen, og let tråden gå rundt bommen s 5 hågder til 30 alner var gått med. So lang skulle einskjeftveven vere. So ein ny renningstråd same veg, og so fleire til veven var breid nok. Veven måtte vere minst 5 kvart breid = 30 tommar. 20 par trådar på 1 basme. Trådane måtte gå g. enom ein vevskei, av vevskeier var det fleire lugdi. So var det 12 til 18 basmer, 26 til 27 basmer

å setje vevstolen inn, og få veven på, renningstrådane g. enom hovolda og g. enom vevskeia. Vevstolen har 2 til 4 skaft, på di heng hovolda, so å få renningstrådane g. enom hovolda og g. enom vevskeia. Det var smågutarbeid å vere med og sende og å henke trådane.

So kom spolerokken inn, ~~og einte~~ og ein daga spoler av veftnåsta. Og so var det Mor eller ei av g. entene i vevstolen, setje spoler i skutelen, og sende den g. enom skilet, og slå til tråd for tråd med skeidstokken. Etter nokre dagar var einskjeftveven ferdig. Måtte vere med frå Kyndelsmess til Marimess $\frac{25}{3}$. Då var det flottetid, og tenesteg. enta måtte få av veven. Ellers fekk ho ull, spann seg spolgarn, spøta sokkar til seg, og spøta opp att slitne sokkar.

So måtte det spinnast ulltråd til karakloe, noko tjukkare tråd av den svarte ulla, både til varp og veft. Det var vadmål. Skulle ein so ha 30 alner, 5 kvart = 30 tommar breidt tøy. Til ½ alen vadmål g. ekk 1 mork = 2,5 kg ullgarn. Til 30 alen g. ekk då 50 kg varp og 50 kg veft = 100 kg.

Garnet vart spunne, mykta døyde, veven rend og sett i vevstolen. måtte vere minst 5 kvart breid. Var veven for smal måtte skreddaren setje kilarbåde i bukse og trøye, det likte han lite.
Einskjeftet måtte til fargaren og få svart let. vadmålet til stamparen og verte stampa. Måtte vere ferdig ei tid føre Kyndelsmess $\frac{2}{2}$, so skreddaren kunne lage klede til han som skulle på Sunnmørsfiske. Karane tok fiske-plass i Ålesund Kyndelsmessdag $\frac{2}{2}$. Elias Grøthaug rodde to fiske på Fiskeøya. Vadmålet var varmt, og mest vind og vass tett.
So spann dei ulltråd til sengklede:
kvetel. 1 mork garn til 1 alen 4 kvart br. = 24 tom. breidd.
18 - - - 18 -. dei sauma chop 2 bredder, det vart 2 kvitlar 9 alen lange.
Kvitlane vart stampa, mjuke og varme sengplagg.
Kjer eller oversengmed napp, kunne vere kvinna ullrådnapp eller fillenapp knytt inn på renningen. 2 merker ullgarn til 1 alen, til 18 alen 36 mark; varme oversengjer.
Laken av bomullstråd både varp og veft, 5 kvart bredde, i vefta 26-27 barmer. Sauma g. erne 2 bredder saman.
Putevar og handklede av bomull. 4 skaft og vend.
Underklede, renning bomull, i slett ullgarn. Veven vart stampa, mjukt, varmt og sterkt til underklede åt menn kvinner og barn.
Skjortetøy vart vev av bomullsgarn som laken. Far kjøpte lærgarn, det vart sterkt tøy, noko stivt skjortetøy.

Kvinneklede, stakk, trøye snørliv av einskjeft, hue av kjøpetøy.
Stakk, trøye farga svart. Snørlivet grønt, svart, raudt.

Mannsklede: bukse, trøye, vest av vadmål brunt, vest og trøye kunne og vere svart. vesten ogso raud og grøn
topphua: raud med kvit og svart raud om nede.

Ålkleda-smetteklede var dei og for, til å heng på veggen eller og breie på ei seng. sengeklede - No har mange ei lita gogn-vevstol- og ver smettevev for salg til turistane. Golvteppe var dei og no: bomullsgarn til renning, i slett av fjremser klipt av utslitne underklede, og andre høvelege utbrukte klede. Golvteppa kan vere pene og tenlege.

8/3 54.

Til Norsk Etnologisk Gransking

Norsk Folkemuseum, Bygdøy ved Oslo.

7/3 54 sende eg svar på emne no 44 Veving, og tilleggsemne no 8 Berekning ved veving.
Eg har kome i tanke om at der kunde vere namnefeil:

„varp=renning-tråden langs i veven, rokkehjulet svingar til vagre, når varpet vert spunne.

veft=islett-tråden tvers i veven, rokkehjulet svingar til vinstre, når veften vert spunnen.

Å spinne ferdig:
frå Mikeli 29/9 til Kyndelsmess 2/2.

Å veve med:
frå Kyndelsmess 29/9 til Marimess 25/3.

Navelsaker, Horindal 2/4 1954.

Vyrdsamt
Rasmus Navelsaker.